

Høyring:

Sei di meining om skulereglene

Kort fortalt:

- Frå hausten 2024 fekk Norge ei ny opplæringslov. Lova inneheld regler som gjeld for skulen og opplæringa.
- I den nye lova står det at kommunen skal laga skuleregler. Skuleregler er det same som fram til no har blitt kalla «ordensreglement».
- Elevar, lærarar, føresette og alle andre i Rauma kommune kan få uttale seg om forslag til nye regler fram til 13. juni 2025.

Frå ordensreglement til skuleregler:

Skuleregler er det same som fram til no har blitt kalla ordensreglement. Det er fleire grunner til at «ordensreglement» skal bytte namn til «skuleregler»:

- «Skuleregler» er eit mindre gammaldags ord enn «ordensreglement»
- Skulereglene skal gjelde for heile skulesamfunnet
- Skulene skal ikkje berre ha regler om kva som er god orden, men også om kva som er god oppførsel, kva som ikkje er lov, kva skolen kan gjere dersom du bryter reglene og om korleis skuledemokratiet skal være.

Forslaget til dei nye skulereglene finn du vedlagt dette brevet.

Skulereglene kan være felles eller ulike

Skulereglene kan være felles for alle skulene i ein kommune. Kommunen kan også vedta nokre regler som er felles i kommunen og la skulene bestemme resten sjølv.

I Rauma kommune har vi laga eit forslag til felles skuleregler som skal gjelde for alle skulene i kommunen. Samtidig har vi laga ein regel som opnar for at skulen kan laga nokre regler sjølv. Skulen sine eigne regler kan ikkje være i strid med fellesreglene.

Elevane skal få medverke

Elevane skal få være med å lage reglene og sei korleis dei bør være. Å laga skuleregler er ein viktig del av skuledemokratiet. Skulereglene skal handle om det som er viktigast for deg og medelevene dine på skulen.

Om mobiltelefon på skolen

Nasjonale myndigheter har kome med råd om at alle barneskuler og ungdomsskular lager regler som seier at elevane ikkje skal bruke mobiltelefonar eller smartklokker på skulen – verken i timane eller i friminutta. Samtidig seier dei at det er opp til den enkelte kommune å bestemme korleis dette skal være i den enkelte kommune.

I Rauma kommune har vi foreslått at det skal være mobilfritt på skulen. Kva synest dykk om det? Er det en grei regel? Er det fornuftig å ha same regel for alle skulene, eller bør skulene, trinna eller klassene sjølv få bestemme reglene for kvar, når og korleis elevane kan bruke mobiltelefon/ smartklokker?

Elevane har retter og plikter

Retten til å medverke er ein av rettene du har som elev. Du har også rett til å bli høyrt, til å få informasjon og til å sei di meining. Skolen skal lytte til deg og legge vekt på di meining når dei bestemmer. Det betyr ikkje at du automatisk får det som du vil, men at skulen skal tenke på kva som er di oppleving og dine tankar om ein sak.

Skolen skal alltid prøve å handle slik at det vil være til det beste for deg. Dette blir kalla «barnets beste». «Barnets beste» er ein regel som står i FN sin barnekonvensjon og i Norges lover - både i Grunnlova og i opplæringslova. Derfor gjeld denne regelen og for skulereglene og i kvardagen din på skulen.

Som elev har du også plikter. Blant anna har du plikt til å møte på skulen, gi beskjed om du er sjuk, delta aktivt i opplæringa og gjøre skulearbeidet så godt du kan. Du har også plikt til å behandle andre fint og bidra til at det er trygt og godt for alle å være på skulen.

Mange av rettene og pliktene du har som elev, står i kapittel 10 i den nye opplæringslova. Nokre retter og plikter står og i skulereglene. Som sagt kan ikkje kommunen eller skulen sine eigne regler være i strid med andre lover og regler. Reglene i skulen kan derfor ikkje ta ifrå deg for eksempel retten til å bli høyrt, eller til å medverke i avgjersler som gjelder deg.

Regler om skuledemokratiet

I den gamle Opplæringslova var det bestemt at alle skulene skulle ha eit elevråd, eit foreldreråd, eit samarbeidsutval og eit skolemiljøutval. I den nye lova får kommunane og skulene lov til å bestemme sjølv korleis dei vil organisere skuledemokratiet.

I den nye opplæringslova, og i forslaget til skuleregler i Rauma kommune, er det sett som ein hovedregel at alle skuler skal ha eit elevråd og eit foreldreråd. Samtidig har vi sagt at de kan velje å organisere dykk på ein annan måte. Dersom dykk ønsker å organisere skuledemokratiet på ein annan måte på skulen din, må dykk lage egne regler om dette.

I forslaget til felles skuleregler i Rauma kommune, har vi og laga ein regel om at den enkelte skule skal ha eit samarbeidsutval. Vi har skrevet om kven som skal være med i samarbeidsutvalet og litt om korleis utvalet skal arbeide.

Å diskutere korleis elevane kan medverke på ein god måte, kan være ei spanande sak å snakka om i skuledemokratiet. Korleis ønsker dykk å være med på å bestemme? Er dykk einige i regelen om at alle skuler skal ha et samarbeidsutval? Korleis ønsker dykk elever å samarbeide om korleis dykk har det på skulen? Kan dykk organisere skuledemokratiet på en måte som gjer at alle tør å ytre meininga si?

Kva som er en god måte å organisere skuledemokratiet på, kan variere frå skole til skole og frå trinn til trinn. For eksempel kan nokre skoler synes det er betre å diskutere og bestemme i allmøte, der alle kan delta, enn at elevråda skal diskutere og bestemme. Kanskje dykk kan kome med forslag og stemme i saker digitalt? Nye former for medverking kan gjøre at fleire engasjerer seg og deltar i skuledemokratiet. På den andre sida kan ordningar som folk kjenner til, gjøre det lettare å få skuledemokratiet til å fungere i praksis.

Dersom du bryter skulereglene

Skulereglene inneholder også regler om kva tiltak skulen kan bruke dersom du bryt reglene for god orden og oppførsel. Skulen kan berre bruke tiltak som står i skulereglene. Tiltak som ikkje står i

skulereglene – for eksempel merknader eller gjensitting - kan ikkje brukas dersom det ikkje står i skulereglene.

Tiltaka skal stå i forhold til kor alvorleg brotet på skulereglene er. Målet med et tiltak skal ikkje være å straffa eleven, men å reagere slik at eleven forstår kva regel som er brote og bidra til at eleven følger regelen i framtida. Dersom du har brote ein regel, kan ikkje heile klassa bli straffa for det.

Det alvorlegaste tiltaket skolen kan sette i verk, er å vise ein elev bort frå undervisninga. Dette er eit tiltak skulen berre kan bruke i helt spesielle unntakstilfelle og ved fleire og grove brot på skulereglene. Synes dykk at det fortsett skal være moglegheit til å vise elever bort frå skoleområdet i helt spesielle unntakstilfelle? Eller held det at eleven blir vist bort frå undervisninga og får være ein annan stad på skulen?

Vurdering

Ordenen og oppførselen din skal vurderast på grunnlag av skulereglene. Kva du kan i faga skal ikkje tas med i denne vurderinga.

Orden heng saman med om du kommer i tide, er forberedt og gjer skulearbeidet ditt.
Oppførsel heng saman med om du viser omsyn og respekt for andre.

Vurderinga i orden og i oppførsel skal bidra til at du lærer sosiale ferdigheter, at skolemiljøet blir trygt og godt og at du får vite kva som er god orden og oppførsel. Du skal få vite om kva som står i skulereglene.

I vurderinga av ordenen og oppførselen din, skal det tas omsyn til dine forutsetningar. Det skal ikkje leggast avgjerande vekt på enkelthandlingar, med mindre dei er særleg klanderverdige eller grove.

Er reglene for god orden og oppførsel klare og enkle å forstå? Er reglene for strenge, for lite strenge eller passe strenge?

Sei di meining!

Rauma kommune ønsker innspel på disse forslaga.

Vi ber spesielt elevane sende inn si meining om forslaget til nye skuleregler. Dei kan sei si meining gjennom representanten til klassen i elevrådet. Dei kan også sende inn si personlege meining sjølv. Me ønsker mellom anna tankar om disse spørsmåla:

- Kva for reglar bør være felles for alle skulene og kva bør skulene få bestemme sjølv?
- Er reglene enkle å forstå?
- Kva regler støtter dykk? Er det regler dykk ikkje ønsker å ha med i skulereglene?
- Kva tenker dykk om reaksjonsmåtane skulen kan bruka når ein elev har brote skulereglene?
- Kva ting i skulekvardagen ønsker dykk å være med på å bestemme?
- Korleis ønsker dykk å være med og bestemme i skulekvardagen?

Dykk står og fritt til å uttale dykk om andre ting dykk synest er viktige. Alle innspel vil bli vurdert før eit endeleg forslag til felles regler for skulene i Rauma kommune blir lagt fram for kommunestyret i Rauma i september.

Innspel sender du på digitalt skjema på kommunens nettside: [Høring av skuleregler i Rauma kommune - Rauma kommune](#). Eller på e-post til post@rauma.kommune.no

Høyringsfrist: Innan 13. juni